



Rolf Hjelmtveit  
Furumarka 14  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2354 - 15/24897

Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
09.07.2015

## Førebels svar - informasjon om byggesak i samband med uttale frå Vegavdelinga i Lindås kommune - gbnr 137/512 Alver

Vi viser til søknaden din om oppføring av garasje på gbnr 137/512. Eininga Teknisk drift v/Vegavdelinga har gjeve uttale i saka, då tiltaket krev søknad om utvida avkøyrsløysing til veg som er drifta av kommunen. Uttalen deira, med tilhøyrande situasjonskart og bilete er lagt ved dette dokumentet.

Løysinga som er vist av Teknisk drift syner er plassering av garasjen som er i strid med regulert byggegrense. Om vi skal kunne handsame ei slik løysing, må du då søkje om dispensasjon for bygging i strid med byggegrensa. Teknisk drift er, jf. deira uttale, positive til ei slik dispensasjonssøknad. Det vil også byggesaksavdelinga vere. Om du søker om dispensasjon, er det viktig at denne er grunngeven. Ved ei slik søknad skal det i utgangspunktet nabovarslast på nytt. Det kan eventuelt søkjast om fritak frå dette.

Eit anna alternativ er at det søkjast om ei avkøyrsløysing i tråd med Teknisk drift sin uttale. Det kan sjå ut som om det då må takast stilling til ei mindre garasje.

Vi ber om ei tilbakemelding på korleis du ønskjer at vi skal handsame saka vidare.

Med helsing

Kristin Nielsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Uttale byggesak GBNR 137512 Alver - garasje  
Vedlegg notat situasjonskart gbnr 137-512  
Bilete gbnr 137-512



**Mottakarar:**  
Rolf Hjelmtveit

Furumarka 14 5911

ALVERSUND